

# VOSSA JAZZ

## RAPPORT - VOSSA JAZZ – 2008

Etter nokre økonomisk vanskelege år er det er med stor glede me no kan erklæra festivalen friskmeldt. Vossa Jazz 2008 var ein suksess både kunstnarisk og publikumsmessig.

### **FESTIVALEN 2008**

I løpet av festivalen vart det skipa til 39 konsertar der i alt 36 grupper medverka. Antal betalande publikumsbesøk på tilskipingane var 8 358. Med godt besøk på gratiskonsertar, gjester, akkreditert presse, musikarar og medarbeidarar betyr det at festivalen totalt hadde om lag 12 500 publikumsbesøk.

Med nyskriven tekst stod Gunnar Staalesen sitt alter ego, Varg Veum, for opninga av den 35. festivalen. Nils Petter Molvær held opningskonserten der han presenterte ny musikk saman med Audun Kleive og Eivind Aarseth.

Sentralt under festivalen stod som alltid Tingingskonserten. ”Restar av lukke, bitar av tru” vart levert av ein av Noregs mest populære musikarar, Tord Gustavsen. Tittelen er henta frå ein strofe av Lars Amund Vaage, og i tillegg nytta Gustavsen tekst av W.H. Auden som Kristin Asbjørnsen (vokal) og Cecilie Jørstad (resitasjon) framførte. Gustavsen hadde òg med seg eit knippe av Noregs framste jazzmusikar: Tore Brunborg, Mats Eilertsen og Jarle Vespestad. Konserten var ein stor kunstnarisk suksess for komponist og utøvarar og har hausta gode lovord blant publikum og i media.

For andre år vart Ekstremjazz gjennomført: denne gongen var det Terje Isungset på isinstrument og Lena Nymark på vokal som leverte ein magisk midnattskonsert ute på Hanguren. Scena var forma av snø, og faklar lyste opp vegen til denne unike konserten høgt over Voss sentrum.

Vossa Jazz skal gje musikalske opplevingar utanom det vanlege, òg for dei yngste. Laurdag var det konsert med Isglem ute på Mølstertunet. I samarbeid med Vossameny og Hardanger og Voss museum var det også aktivitetar og servering av kortreist mat for store og små. I

førekant av konserten var det laga rebus frå Vangen til Mølstertunet. Slik oppmoda ein folk til å lata bilen stå og ta beina fatt. Sundag fann endå ei nyskaping stad; Badnajazz sitt tingingverk som vart levert av Eplemøya og Voss Barnekantori. Publikum fekk med seg ei musikalsk reise med improvisasjon, forteljarglede og songar om både pannekaker og Pål sine høner.

Vossa Jazz har òg hatt ei satsing på ungdom dette året, der ein har hatt tilbod om individuell undervisning på trommer, gitar, saksofon og piano. I tillegg har ein hatt samspelundervisning. Under festivalen skipa Vossa Jazz til konsert med dei ulike banda der studentar frå Jazzlinja i Trondheim deltok. Ungdomssatsinga har vore eit samarbeid mellom Voss Kulturskule, Voss Rockeklubb, Voss skulemusikk og Vossa Jazz. 47 ungdommar deltok på konserten. I tillegg var det konsert og verkstader med Trondheim-studentane som instruktørar. Satsinga har vore svært vellukka, og Vossa Jazz vil halde fram dette viktige arbeidet.

Som tidlegare var Osasalen på Ole Bull akademiet akustisk scene; Christian Wallumrød ensemble, Jaak Sooäär og Tuule Kann (Estland) og Myra Melford og Marty Ehrlich (USA) gav alle sterke konsertar av høg kvalitet.

Frå USA kom trioen ”By Any Means” med Ali/Gayle/ Parker, pianisten Lynne Arriale og Roy Nathanson’s Sotto Voce. Alle stod alle for konsertar av høg kvalitet. Det norsk/amerikansk/nederlandske samarbeidet mellom Nilssen-Love/Vandermark og The Ex var ei energiutlading av dei sjeldne.

Tradisjonelt har Vossa Jazz presentert jazz, folkemusikk og verdsmusikk. I år var det to norske band som starta fredagsnatta; Valkyrien Allstars og Farmers Market. Begge leverte live opptreden som fekk folk til å svinga med; det same kan seiast om svenske Råfven. Deodato Siquir frå Mosambik og hans Balanco gav ei forrykande oppvising i Vossasalen. Me vil spesielt nemne årets kyrkjekonsert med Berit Opheim, Bjørn Kjellemyr, Kåre Opheim, Olav Dale og Dag Arnesen. Konserten, som var basert på musikk av Per Indrehus og tekstar av Olav H. Hauge, var ein konsert til minne om komponisten og musikaren Indrehus som døyddde i 2004. ”Song trø lett på hjarta mitt”, var ein sterk og vakker konsert. Plata med same namn vart slept under festivalen.

Norsk jazz var nok ein gong godt sterkt representert. I tillegg til dei tidlegare nemnde var Ivar Kolve og Karin Park, Nymark Collective & Kristin Asbjørnsen, Maria Kannegaard og Tore Brunborg med. Sistnemnde spelte i tre ulike konstallasjonar og avslutta konsertrekka i Fraktgodsden søndag kveld med sin eigen trio. Journalist Joe Woodard skreiv i Jazz Times om konserten: “a sound we need to hear more of”.

Årets festival baud som vanleg på eldrejazz, samt gratiskonsert både på torget og jazzkafé på Park. I tillegg hadde me to gratiskonsertar på Hanguren; midnattskonserten med Isungset/ Nymark og Kolve/Park på Hangursrestauranten laurdag ettermiddag. Vossa Jazz er ein vinterfestival, og det er difor naturleg å samarbeida med aktørar som tilbyr aktivitet i skibygd Voss.

Vossa Jazz er oppteken av miljø. Årets næringslivsseminar vart skipa til i samarbeid med Indre Hordaland Miljøverk der tema var klimaendringar. I tillegg hadde festivalen fokus på eit godt klima, både inne og ute. Det er viktig at alle trives på festivalen; både musikarar, gjester og medarbeidarar. Me nytta avlagte møblar og liknande i vår scenedekor og hadde fokus på å nytte miljøvenleg transport så langt det var mogeleg.

Konklusjonen for Vossa Jazz 2008 er at festivalen har levert eit program med høg kvalitet, stor breidde i tilboda og ein klar profil. Vossa Jazz er stolte av det gode samarbeidet me har med andre aktørar i bygda, og at tilreisande seier at det er ein spanande festival med eit godt klima for god musikk og gode opplevingar.

#### ØKONOMI - OFFENTLEGE TILSKOT

Den vellukka festivalen i år – m.a. med auka publikumstal - gjer at Vossa Jazz no er komen over den verste kneika. Billettsalet var på kr. 1.386.561, ein auke på nær kr. 400.000 frå i fjor. Det er likevel viktig å understreka at styret og administrasjonen òg framover vil ha sterk fokus på økonomistyring.

Festivalen mottok i 2008 kr. 1.150.000 frå Norsk Kulturråd, kr. 343.000 frå Hordaland Fylke( 25 000 av desse går til Vossa Jazz prisen) og kr. 225.000 frå Voss kommune i driftstilskot. I tillegg mottok festivalen prosjekttilskot på til saman kr. 158.000 frå Norsk Kulturråd, Fond for Lyd og Bilde, HT08, Hordaland Fylkeskommune og Voss kommune.

Den offentlege støtta til drift har vore uendra dei siste åra. Det er difor særst viktig at me vert sikra ei oppjustering av tilskota framover, då offentleg medverknad er avgjerande for vidare kunstnarleg utvikling av Vossa Jazz.

#### SPONSORSTØTTE

Festivalen sin hovudsponsor er det lokale næringsliv gjennom Vossa Jazz Lauget. Dette sikrar sponsorinntekter i overkant av kr. 400.000 pr. år også neste år. Festivalen har, som alle andre kulturarrangement, arbeidd hardt, utan at det har gjeve nokon tydeleg gevinst for sponsorinntekter av "nasjonale sponsorar".

Voss, 27. mai 2008

Trude Storheim,  
Dagleg leiar